

Saksnr: 2024/3479-40

Saksbehandlar: Åsta Navelsaker Røed

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		18.04.2024

Justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2024/2025

1. Opplæringstilbudet vedteke i hovudutval for opplæring og kompetanse i sak 43/2023 vert justert slik:

Skule	Nivå	Utdanningsprogram	Programområde	Auke	Reduksjon	Frå	Til
Fitjar vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse og oppvekstfag		-2	4	2
Austevoll vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse og oppvekstfag		-1	1	0
Bømlo vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeiderfag		-1	1	0
Bømlo vgs	1	Elektro og datateknologi	Elektro og datateknologi	1		2	3
Bømlo vgs	2	Teknologi- og industrifag	Maritime fag	1		2	3
Voss vgs.	2	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrer		-1	1	0
Odda vgs.	2	Elektro og datateknologi	Elenergi og ekom		-1	1	0
Kvam vgs	2	Helse og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeiderfag		-0,5	0,5	0
Kvam vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag		-0,5	0,5	0
Voss vgs.	2	Naturbruk	Landbruk, gartneri, friluftsliv		-1	2	1
Kvam vgs	1	Teknologi og industrifag	Teknologi og industrifag	1		2	3
Kvam vgs	2	Teknologi og industrifag	Transport og logistikk		-0,5	0,5	0
Kvam vgs	2	Teknologi og industrifag	Industriteknologi		-0,5	0,5	0
Voss vgs.	2	Teknologi og industrifag	Kjøretøy		-1	1	0
Voss gymnas	1	Idrettsfag	Idrett		-1	2	1
Arna vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg og anleggsteknikk	1		2	3
Arna vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrer		-1	2	1
Sotra vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrer		-1	2	1
Askøy vgs	1	Elektro og datateknologi	Elektro og datateknologi	1		2	3

Slåtthaug vgs	1	Elektro og datateknologi	Elektro og datateknologi	1		3	4
Årstad vgs	1	Frisør, bloms, interiør og eksponeringsdesign	Frisør, bloms, interiør og eksponeringsdesign	1		5	6
Fyllingsdalen vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		2	3
Arna vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	2		1	3
Åsane vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		5	6
Slåtthaug vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		3	4
Askøy vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeiderfag	1		1	2
Fusa vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeider		-0,5	0,5	0
Fusa vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeiderfag		-0,5	0,5	0
Årstad vgs	3	Helse- og oppvekstfag	Hudpleier		-1	2	1
Arna vgs	1	IT og medieproduksjon	IT og medieproduksjon	1		2	3
Sandsli vgs	1	Restaurant og matfag	Restaurant og matfag	1		4	5
Sandsli vgs	2	Restaurant og matfag	Kokk- og servitørfag		-1	3	2
Sotra vgs	2	Restaurant og matfag	Kokk- og servitørfag		-1	1	0
Amalie Skram vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv	1		3	4
Åsane vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv	1		4	5
Sotra vgs	1	Salg, service og reiseliv	Salg, service og reiseliv	1		2	3
Åsane vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		3	4
Slåtthaug vgs	1	Teknologi og industrifag	Teknologi og industrifag	1		4	5
Laksevåg og Bergen maritime vgs	1	Teknologi og industrifag	Teknologi og industrifag	3		4	7
Osterøy vgs	1	Teknologi og industrifag	Teknologi og industrifag		-1	3	2
Laksevåg og Bergen maritime vgs	2	Teknologi og industrifag	Industriteknologi	1		0	1
Fusa vgs	2	Naturbruk	Akvakultur		-1	2	1
Stend vgs	2	Naturbruk	Heste- og dyrefag		-1	4	3
Olsvikåsen vgs	1	Studiespesialisering	Studiespesialisering		-1	3	2
Bergen Katedralskole	3	Studiespesialisering	Studiespesialisering		-1	4	3
Årstad vgs	1	Studieførebuande fag	Kunst, design og arkitektur		-1	3	2
Årstad vgs	2	Studieførebuande fag	Kunst, design og arkitektur		-1	3	2
Nordahl Grieg vgs	3	Påbygg.gen.studsp.SK	Påbygg.gen.stusp.SK		-1	2	1
Olsvikåsen vgs	3	Påbygg.gen.stusp.SK	Påbygg.gen.stusp.SK		-1	2	1
Askøy vgs	3	Påbygg generell studiekompetanse	Påbygg generell studiekompetanse	1		2	3
Slåtthaug vgs	3	Påbygg generell studiekompetanse	Påbygg generell studiekompetanse	1		2	3
Årstad vgs	3	Påbygg generell studiekompetanse	Påbygg generell studiekompetanse	1		1	2
Sotra vgs	3	Påbygg generell studiekompetanse	Påbygg generell studiekompetanse	0,5		0,5	1
Sotra vgs	4	Påbygg generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse	Påbygg generell studiekompetanse etter yrkeskompetanse	0,5		0,5	1
Dale vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		1	2
Dale vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidafag		-0,5	0,5	0

Dale vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeiderfag		-0,5	0,5	0
Dale vgs	2	Teknologi- og industrifag	Industriteknologi		-1	1	0
Dale vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk		-1	1	0
Høyanger vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag		-0,5	0,5	0
Førde vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag	1		2	3
Høyanger vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Helsearbeidarfag		-0,5	0,5	0
Førde vgs	1	Bygg- og anleggsteknikk	Bygg- og anleggsteknikk	1		3	4
Førde vgs	2	Bygg- og anleggsteknikk	Tømrar	1		1	2
Førde vgs	1	Naturbruk	Naturbruk		-0,5	1	0,5
Førde vgs	1	Naturbruk	Naturbruk, hest		-0,5	1	0,5
Førde vgs	3	Naturbruk	Studieforberedende naturbruk		-1	1	0
Førde vgs	3	Naturbruk	Landbruk	0,5		0,5	1
Førde vgs	2	Restaurant- og matfag	Kokk- og servitørfag		-1	1	0
Flora vgs	2	Salg, service og reiseliv	Salg og reiseliv		-1	1	0
Høyanger vgs	1	Studiespesialisering	Studiespesialisering		-0,5	0,5	0
Førde vgs	3	Påbygging	Påbygg. gen. studiekompetanse	1		1	2
Høyanger vgs	3	Påbygg	Påbygg. gen. studiekompetanse				0
Stryn vgs	1	Helse- og oppvekstfag	Helse- og oppvekstfag		-1	2	1
Måløy vgs	2	Helse- og oppvekstfag	Barne- og ungdomsarbeiderfag		-1	1	0
Stryn vgs	1	Teknologi- og industrifag	Teknologi- og industrifag	1		1	2
Eid vgs	2	Teknologi- og industrifag	Industriteknologi		-1	1	0
Firda vgs	1	Musikk, dans og drama	Drama		-0,5	0,5	0
Firda vgs	1	Musikk, dans og drama	Dans		-0,5	0,5	0

2. Avdelingsdirektøren får fullmakt til å omdisponere, la vere å setje i gang tilbod som får svært lågt elevtal og opprette nye klasser innafør vedteken økonomisk ramme og tilbodsstruktur, dersom det viser seg å vere nødvendig for å gje alle søkjarane med ungdomsrett eit skuletilbod. I inntaksområdet stor-Bergen får avdelingsdirektøren utvida fullmakt til også å gjere, endringar på programområde dersom tilbodet finst ved andre skular i rimeleg nærleik.

3. Avdelingsdirektøren får fullmakt til å auke tal klassar med inntil 3, dersom ein ikkje finn andre løysingar i inntaksprosessen.

Samandrag

Avdelingsdirektøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2023/24. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 1.3.2023 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune» (FT-sak 107/2020).

Bjørn Lyngedal
avdelingsdirektør

Tor Ivar Sagen Sandvik
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Justering av opplæringstilbudet 2024 25
- 2 Samla tilbud 2024 2025 (2)
- 3 Søkjartal vg1 etter inntaksområde
- 4 Innspel frå skulane
- 5 Innspel frå opplæringskontor
- 6 Tillegg til sak om justering av opplæringstilbudet for skuleåret 2024/2025 - vedtak om uttale i yrkesopplæringsnemnda, 13.mars 2024.
- 7 Søkjartal pr. 1.mars 2024

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka blir det lagt fram tilråding for justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2024/25. Saka byggjer på dei tilboda som var vedtatt lyst ut for skuleåret 2024/25 og justeringar av tilbodet basert på søkjartal pr.01.03.2024.

Vedtakskompetanse

Hovudutvalet for opplæring og kompetanse har mynde til årleg å vedta tilbodet om vidaregåande opplæring i fylket innafor den økonomiske ramma som er vedteken av fylkestinget, jf. kap. 26, § 3-1 reglement for delegering etter særlov.

Medverknad

Sak om justering av opplæringstilbodet er ei tilpassing av tilbodsstrukturen etter faktiske søkjartal per 1. mars, og avdelingsdirektøren har då ikkje involvert medverknadsorgana.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 legg rammer for opplæringstilbodet for skuleåret 2024-2025. I samsvar med tilrådinga i PS-sak 4/2023 «Budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 – arbeidsdokument 4/2023» var det lagt til grunn for saksutgreiinga i PS-sak 43/2023 «Opplæringstilbodet for skuleåret 2024-2025» at den økonomiske ramma for skuleåret 2024-2025, som følgje av prognostisert auke i elevtal, vart auka med om lag 3,5 økonomiske klasser samanlikna med den økonomiske ramma for opplæringstilbodet skuleåret 2023-2024. Den økonomiske verknaden av auken i klassetal var for 2024 rekna til om lag 2,3 mill. kr.

I saka vart det vedteke å lyse ut eit opplæringstilbod med ein auke på 5 økonomiske klassar i høve avdelingsdirektøren si tilråding i saka. Dette tilsvarar ein netto auke på 2,75 klassar i høve skuleåret 2023-2024 og 0,75 klasse under den økonomiske ramma.

Fylkeskommunen har store økonomiske utfordringar i åra framover. I vedteken økonomiplan ligg det aukande krav om innsparing for opplærings- og kompetansesektoren. I slutthandsaminga av budsjett 2024/økonomiplan 2024-2027 vedtok fylkestinget m.a. følgjande for å møte innsparingskrava for sektoren frå 2024: «7 mill. reduserast ved løyving/justering av grupper». For å gjennomføre fylkestinget sitt vedtak må endring i tal klassar gjerast frå nytt skuleår. Ei innsparing på 7 mill. kr i 2024, inneber såleis at tal klassar må reduserast tilsvarande ein haustverknad på 7 mill. kr.

Avdelingsdirektøren har over fleire år rekna snittkostnad pr klasse på om lag 1,5 mill. kr. Ei ny berekning basert på budsjettfordelingsmodellen i januar 2024 syner ein snittkostnad pr klasse på om lag 1,9 mill. I det vidare vert difor dette lagt til grunn.

Haustverknad tilsvarande 7 mill. kr vert på basis av dette rekna til ein reduksjon med om lag 8 økonomiske klassar frå hausten 2024. Heilårsverknad av reduksjon med 8 klassar i 2025 er rekna til om lag 15,2 mill. kr. Vårverknaden av innsparinga, om lag 8,2 mill. kr, vil kunne nyttast til å saldere ytterlegare innsparingskrav for sektoren som ligg i vedteken økonomiplan frå 2025.

Klima:

Ingen målbar effekt.

Folkehelse:

Ein tilbodsstruktur som mogeleggjør at søkjarane i stor grad får tilbod om vidaregåande opplæring med utgangspunkt i den enkelte sine ønskjer og behov kan bidra til auke gjennomføring i vidaregåande opplæring. Grad av gjennomføring kan ha verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Fylkeskommunen har ei samfunnsutviklarrolle og skal bidra til verdiskaping i regionen. Med føresetnadar som ligg til grunn for dimensjonering av vidaregåande opplæring, planlegg fylkeskommunen ein tilbodsstruktur som i størst mogeleg grad skal leggje til rette for arbeids- og næringslivet skal få tilført tilstrekkeleg og god kompetanse.

Konklusjon

Avdelingsdirektøren legg i denne saka fram tilråding til justering av det utlyste opplæringstilbodet for skuleåret 2024/25. Grunnlaget for framlegget er resultat av søkinga per 1.3.2023 og «Lokal forskrift om inntak og formidling for Vestland fylkeskommune»